

Kartlegging og analyse:

# BYGD FOR FRAMTIDA

Ragna Indrevåg

Masteroppgåve i arkitektur

Fakultet for arkitektur og design

NTNU vår 2020

Vegleiar: Markus Schwai

## INNHALD

<b>SAMFUNNET</b>	4
- Globalt	6
- Nasjonalt	8
- Lokalt	10
- Definisjonar	12
<b>SULA</b>	16
- Plassering	18
- Busetnad	19
- Topografi	20
- Klima	21
- Mobilitet	22
<b>MAUSEIDVÅG</b>	24
- Historie	28
- I dag	40
- Arealplan	42
- Offentlege funksjonar	44
- Sentrumsområde	46
- Møteplassar	50
- Avstandar	51
- Turstiar	52
- Lokalbefolkninga	54
- Vegnettet	58
- Typologi	60
- Jordbruksverdi	70
- Helningskart	71
<b>REFERANSAR</b>	72



S  
A  
M  
F  
U  
N  
N  
E  
T







Landsbygd

Bygd

Landsby

Ruralt

Usentralt

Tettstad

Forstad

Sentralt

Distrikt

Bygdeby

Urbant

Utkant

By

Suburbant

## DEFINISJONAR

Forstad: Bymessig busetnad utanfor bygrense, men økonomisk knytta til byen, særleg ved at folk busatt i forstad har arbeidsstad i byen eller omvendt. Uregulerte byområder som veks fram i ei landkommune.<sup>1</sup>

Bygd: Område utan bymessig busetnad der næringslivet særleg er knytta til primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske.<sup>2</sup>

Tettstad: Tettbebyggd, bymessig område med samanhengande tett busetnad i motsetnad til landsbygd med spreidd busetnad. Krever ei hussamling på minst 200 personar med mindre enn 50 meter mellom husa.<sup>3</sup>

Bygdeby: Større tettstad i ei bygd, gjerne eit administrasjonssenter for ein kommune, som ikkje har formell bystatus, men som likevel har dei fleste funksjonane til ein liten by.<sup>4</sup>

Landsby: Lokalsamfunn karakterisert ved samla busetnad og ein viss grad av fellesskap i rettigheter til og utnytting av ressursar. Finns særleg i jordbruksområder med teigblanding på innmark og felleseie av utmark. Samarbeid og gjensidige ytelsar knyter landsbyen saman i eit økonomisk fellesskap. Det norske klyngetunet er det næraste vi kjem landsby i Noreg.<sup>5</sup>

Distrikt: Nemning på ulike administrative inndelingar, som politidistrikt og hamnedistrikt. Brukast òg om landlege områder, gjerne med relativt spreidd busetnad eit stykke unna dei støste byane i landet, og står i kontrast til sentrale byområder.<sup>6</sup>

## Staden

### Sula

- Forstad til Ålesund
- Tettstad utan bymessig område

### Langevåg

- Bygdeby på Sula, med administrasjonssenter, men utan dei fleste funksjonane til ein by

### Mauseidvåg:

- Bygd utan særleg tilknytting til primærnæringane
- Del av forstaden Sula
- Del av tettstaden Ålesund
- Ikkje bygdeby
- Ikkje landsby
- Del av eit slags distrikt

# S U L A



## PLASSERING

Sula er ei øy på kysten av Sunnmøre rett sør for Ålesund. Sør for øya startar Storfjorden, medan Ålesund og Sula dannar Borgundfjorden i nord.

Innanfor Ålesund sentrum finn vi Moa, det største kjøpesenteret i Noreg.



## BUSETNAD

Innbyggjarar: 9 300

- Langevåg: 4800

- Fiskarstrand: 1500

- Mauseidvåg: 900


- Eidsnes: 1900

Areal: 58 m<sup>2</sup>

Befolkingstettleik: 145 innb/km<sup>2</sup>

Forventa befolkningsvekst: +1 % per år

Glidande overgang mellom dei ulike bygdene<sup>7</sup>




Inndeling i tettstadar/bygder og busetnad


■ Langevåg ■ Fiskarstrand ■ Mauseidvåg ■ Eidsnes



## TOPOGRAFI



Fjell dekker store delar av arealet.  
Høgaste punkt: Vardane 776 moh.  
Mykje brukt turområde for kvardagsturar




■ Fjell ■ Mark

## KLIMA

Klimaet er fuktig og mildt. Vintrane er milde og somrane er moderat varme. Temperaturen ligg vanlegvis mellom -2 og 23 grader C. Nedbøren er gjennomsnittleg 1800 mm per år.

Sjølv om det kan blåse ein del ute med kysten beskyttar fjella mot det verste uveret. Sørvest er den vanlegaste vindretninga, og Mauseidvåg ligg godt i ly for vinden.

## Soldiagram



Kjelde: SunCalc<sup>8</sup>

## MOBILITET



-- Båt   — Veg   - - Tunnel

Ferge frå Sulesund til Hareid

Ferge frå Solevåg til Ørsta

Hurtigbåt til Ålesund

Bru aust på øya

Kronglete å kome fram med bil på grunn av alle øyene.

## Mauseidvågkrysset



Sidan Sula er ei øy er det ikkje mykje gjennomgangstrafikk. Men det er to ferger. Transport frå ferga frå Hareid køyrer gjennom Mauseidvåg to gongar i timen. Mauseidvågen er eit trafikknutepunkt, med både fergetrafikk og trafikk mot Langevåg.

M  
A  
U  
S  
E  
I  
D  
V  
Å  
G

Den minste bygda på Sula  
Innbyggjarar: 900  
Delt i to: Eikrem og Mauseidvåg



## HISTORIE

Det har vore vanleg å dele Mauseidvågen i to grender: Mauseidbygda og Eikrem. Eit vatn og to elver ligg mellom. Mellom grendene var det i mange år ei aude strekning. Det var elles stor skilnad mellom grendene. Gardane på Eikrem var større og folka vart rekna som velstandsfolk fram til 1900. I Mauseidbygda var det trongare kår.

Før 1900 var jordbruk og fiske dei viktigaste næringane. I Borgundfjorden var det mykje torsk, og i Storfjorden var det laks. Alle gardane dreiv med dyrking av korn og dyrehald med kyr og sauer. Nokre hadde også hest eller geiter. Kvernhus og sagbruk ved elvane sørge for kornmaling og saging av furuskogen. Nokre dreiv med saging av is til å ha i fiskekassene, og i 1890-åra kom det eit smørmeieri.

Elvane var avgjerande for busettinga. Etter 1900 voks industrien i Mauseidvågen fram. Mausaelva danna grunnlaget for den nye næringa. Ullvarefabrikkar var den største industrien. Den første fabrikk kom i 1889 og var ullvarefabrikken til Brødrene Kraasbye, som seinare tok firmanamnet J. T. Aaland A/S. I 1907 kom Volles Dampfarveri. I 1918 Maaseidvaag Ullvarefabrikk, som i 1927 skifta namn til Lundal Ullvarefabrikk. Fabrikkane lagde strikkegarn, ullteppe, shoddy og stoff. Seinare laga dei gardiner, møbelstoff og møbelstopping som dei selde til møbelfabrikkane på Sunnmøre.

I 1947 starta Stoppullfabrikken A/S. Den flytta i 1955 inn i lokalar på Furnes og vart kalla Vasset Industri AS. Produksjonen har for det meste vore dyner og puter. I 1959 starta Furnes Jern og Metall, som i 1979 vart tatt over av Pluggfabrikken Tor A/S. Dei produserer delar til elektromekanisk industri og møbelindustrien.

Då båtane fekk motorar på starten av 1900-talet kunne dei køyre lengre. Fiskekjøparar starta å hente fisk frå Lofoten. Alle folk i bygda henta fisken, vaska han og tørka han på berga. Etter kvart blei fisken tørka inne på sjøbuer i staden. Klippfisken selde dei i Ålesund. I 1927 reiste fem menn til Grønland for å jakte. I 1929 kom dei tilbake med mykje skinn frå rev og isbjørn, og fire levande moskus som blei satt på beite på Furnes.

I 1890-åra kom den første rutebåten med stoppestad i Mauseidvåg. Båten gjekk to gonger i veka. I 1909 vart partrederiet «Von III» skipa, og det vart fast rutebåt mellom Ekornåsvåg og Ålesund. I 1915 vart det bygd ei trekai båten kunne legge til ved, og i 1935 vart den bytta ut med ei betongkai. Då Vegsundbrua kom i 1938, og bant Sula til fastlandet i Ålesund, vart det etter kvart mindre behov for båtane. «Von III» skifta namn til «Sula Rutelag», og gjekk over til busskøyring.

Rundt 1900 starta dei første butikkane. Bygda opplevde ei tilflytting av folk som arbeidde i fabrikkane, og behovet for butikk vart større. Det blei drive landhandel med dei mest vanlege kolonialvarene, bakeri, skomakar og post. Butikken vart fort ein viktig møteplass, og mange interessante diskusjonar foregikk her. Butikkane var plassert med Vågen og danna grunnlaget for eit sentrum.

Både butikken og bedehuset sto for sosiale møtestadar. Ei boksamling som fungerte som bibliotek holdt til i butikken og den første avisa blei skriven her. På bedehuset var det sosiale arrangement og festar. Kor og korps hadde øvingar, og speidarane holdt også til her.

1875

Veg til  
Langevåg  
og Vegsund

1898



Bedehus  
1952: utviding  
2009: nytt bygg

1901



Volles  
Dampfarveri  
Brenn ned i 1957

1909



Maaseidvaag  
Ullvarefabrikk



Bensinstasjon

1927

1938

1890-åra

1900

1907

1918

1934

Veg mellom  
Eikrem og  
Mauseidvåg

Kraasbye  
Ullvarefabrikk


Eikrem skule

Partrederiet Von III  
Rutebåt

Lundal  
Ullvarefabrikk  
tar over og utvidar  
Maaseidvaag  
Ullvarefabrikk

Vegsund-  
brua

Von III blir til  
Sula Rutelag



1946

1957

1964

1977

1980

1995

2009

Stoppullfabrikken  
Nye lokaler på Furnes i  
1955  
Seinare Vasset Industri

Furnes Jern og Metall  
Nye lokaler på Furnes i  
1964

Kraasbye Ullvarefabrikk brann  
J. T. Aaland  
bygde ny fabrikk

Pluggfabrikken Tor  
tar over lokala til Furnes  
Jern og Metall

Sula bil og  
karosseri  
Nedlagt i 2007

Nytt bedehus



1947

1959

1973

1979

1986

Sula Rutelag får  
ny garasje

Søre Sula  
innlemma i  
Mauseidvåg

Ny skule i  
Mauseidvåg

Sula blir eiga  
kommune  
Ny Vegsundbru

Lundal  
Ullvarefabrikk  
blir lagt ned

Bilhuset Sunde  
overtar Lundal







Mauseidvåg bil og båt Bensinstasjon

2013

2016

Sula Rutelag sluttar  
med rutebuss  
Fram tar over



1947



1968



2008



2012



2018

*Kjelde: frå steinøks til data<sup>9</sup>*

*Kjelde: FINN kart<sup>10</sup>*





1900



1930



1910




1940

*Kjelde: frå steinøks til data<sup>9</sup>*



Plassering av butikk over tid



Kraasbyehuset



Kjelde: frå steinøks til data<sup>9</sup>



## I DAG

Skiljet mellom Eikrem og Mauseidvåg er ikkje like sterkt som før, men det opplevast framleis ei todeling. Eikrem har fått nye fine turområde, medan resten av Mauseidvåg forfell. Dei viktigaste endringane i seinare tid er gjort på Eikrem, og eg ser eit behov for tiltak også i Mauseidvåg.

I dette prosjektet vel eg å fokusere på Mauseidvåg. Her er det behov for endringar. Staden ligg òg sentralt plassert, noko som er viktig med tanke på tilgjengelegheit og transport.

Tekstilindustrien frå 1900-talet eksisterer ikkje lengre. Mange av fabrikkane står i dag tomme, produksjonen er lagt til utlandet eller selskapet er nedlagt. Lokala blir brukt til lager, eller sporadiske ting som treng plass. Elva ligg gøymd og ubrukt, og folk reiser til Ålesund for å arbeide. Bilverkstadar har blitt den nye hovudindustrien.

Sularuta køyrer ikkje lengre rutebuss, men har gått over til tur- og godskøyning. Eit felles selskap for heile fylket har tatt over alle rutebussane. Garasja ligg framleis på same plass.

Matbutikken er borte, og også den lokale møteplassen. Funksjonar ligg spreidd, og det fins ikkje noko definert sentrum. Mauseidvågen har blitt ein stad ein bur, så reiser ein bort for å gjere andre ting.

Av det folk gjer på Sula er det å gå på tur ein veldig viktig aktivitet. Her møter ein kjente, og ein kan seie at turstiane er nokre av dei viktigaste møteplassane. Sulafjellet er overkommeleg for dei fleste og mange kvardagsturar blir gått her. Mange kjem køyrande frå f.eks. Ålesund for å gå her, så dette er ein populær aktivitet, også utanfor kommunegrensene. Fleire av dei vanlegaste turane startar på Eikrem.

Devoldfabrikken sine gamle lokale i Langevåg blir no brukt til outlet-utsal for diverse butikkar og er ein kjær besøksstad. Her er det òg kafé og vinmonopol. Elles er det største kjøpesenteret i Noreg plassert på Moa, i Ålesund, 15 minuttars køyretur frå Mauseidvåg.

Fritidsaktivitetar som musikk, dans og fotball er viktig for unge. Mauseidvåg har bibliotek, treningssenter, ungdomsklubb og delar av Sula danseklubb held til her. Slike aktivitetar trur eg er viktige for staden, men dei ligg dessverre litt skjult, og spredt mellom tomme, forlatte lokaler, og er lite synlege.

Mauseidvågen opplevast litt forlatt. Bygningar forfell, det blir ikkje gjort forsøk på å gjer det fint. Mange har for god plass, og ting blir liggande. Det verkar som rot har ein smitteeffekt og at alle er einige i at dette er ein roteplass. Det fins mange uvenlege stadar, og ein føler seg ikkje velkomen.

Det er ikkje vanleg å gå rundt i Mauseidvågen. Då eg gjekk rundt for å ta bilete og utforske staden til dette prosjektet møtte eg ingen. Bilen står i fokus, det er vanskeleg å krysse vegane, og du føler du trakkar over nokre sosiale grenser ved å gå andre stadar enn langs hovudvegane. Likevel er det mange stadar som absolutt har gåavstandar, men som opplevast veldig kjedeleg og lite triveleg når du må gå trykt opp langs vegen med bilar køyrande forbi rett ved sida av.

# AREALPLAN

## Kommuneplan-Bygninger og anlegg (PBL2008 §11-7 NR.1)

- Bustader - noverande
- Bustader - framtidig
- Fritidsbuseiend - noverande
- Fritidsbuseiend - framtidig
- Sentrumsområde - framtidig
- Forretningar - noverande
- Forretningar - framtidig
- Offentlig eller privat tenesteyting - noverande
- Offentlig eller privat tenesteyting - framtidig
- Fritids- og turistformål - noverande
- Fritids- og turistformål - framtidig
- Næringsbygninger - noverande
- Næringsbygninger - framtidig
- Idrettsanlegg - noverande
- Andre typer bygninger og anlegg - noverande
- Andre typer bygninger og anlegg - framtidig
- Uteoppfallsareal - noverande
- Uteoppfallsareal - framtidig
- Grav- og urnelund - noverande
- Kombinert bygge- og anleggsformål - noverande
- Kombinert bygge- og anleggsformål - framtidig

## Kommuneplan-Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL2008 §11-7 NR.2)

- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur - noverande
- Køyevog - noverande
- Hamn - noverande
- Parkering - noverande
- Parkering - framtidig

## Kommuneplan-Grøntstruktur (PBL2008 §11-7 NR.3)

- Grøntstruktur - noverande (G)
- Grøntstruktur - framtidig

- Naturområde - noverande (N)
- Naturområde - framtidig
- Turdrag - framtidig
- Friområde - noverande (F)
- Friområde - framtidig
- Park - noverande (P)
- Park - framtidig

## Kommuneplan-Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift (PBL2008 §11-7 NR.5)

- Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift - noverande

## Kommuneplan-Bruk og vern av sjø og vassdrag (PBL2008 §11-7 NR.6)

- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone - noverande
- Småbåthamn - noverande
- Småbåthamn - framtidig
- Fiske - noverande
- Naturområde - noverande
- Friluftsområde - noverande

## Kommuneplan-Omsynsoner (PBL2008 §11-8)

- Faresone - Ras- og skredfare H310
- Faresone - Skytebane
- Faresone - Annan fare
- Skrivingsone - Nedslagsfelt drikkevann
- Angitthensynsone - Bevaring naturmiljø H560
- Angitthensynsone - Bevaring kulturminne H570
- Gjennomføringsone - Krav om felles planlegging - Områdeplan (OP)
- Bandlegging etter lov om naturvern - noverande H720
- Bandlegging etter lov om kulturminne - noverande H730

## Kommuneplan-Linje- og punktsymbol (PBL2008)

- Faresonegrense
- Skrivingsonegrense
- Angitt omsynsgrense
- Gjennomføringsgrense

- Bandleggingsgrense noverande

- Detaljeringsgrense

- Forbodsgrense sjø

## Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008

- Planen si avgrensing

- Grense for arealformål

- Fjernveg - noverande

- Fjernveg - framtidig

- Fjernveg tunnel - framtidig

- Fjernveg bru - framtidig

- Hovudveg - noverande

- Hovudveg - framtidig

- Samleveg - framtidig

- Samleveg - noverande

- Tilkomstveg - framtidig

- Gang-/sykkelveg - noverande

- Gang-/sykkelveg - framtidig

- Turveg/turdrag - noverande

- Turveg/turdrag - framtidig

- Farled - noverande


## Kulturminner

- Kulturminne R

- Kulturminne K

## Unntatt rettsverknad (PBL2008 §11-15 og 11-16)

- Område utan rettsverknad





## OFFENTLEGE FUNKSJONAR

1




Tom fabrikk  
Tidlegare: J. T. Aaland

2



Tom fabrikk  
Tidlegare:  
Vasset Indsutri

3



Bilhuset Sunde  
Crossfit Langevåg  
Donken fritidsklubb  
Tidlegare:  
Lundal Ullvarefabrikk

4



Mauseidvåg  
bil og båt

5



Båtlager

6



Bensinstasjon  
Sula danseklubb

7



Grand Canin  
hundefrisør

8



Rammeverkstad

9



Kommunale  
funksjonar  
Tidlegare:  
Sula Rutelag

10



OAK Frisører  
Tidlegare:  
Matbutikk

11




Mauseidvåg  
bedehus

12



Måseide barnehage

13



Måseide skule

14



Sula Rutelag  
SHR autoservice



## SENTRUMSOMRÅDE



### Kvar er sentrum?

Det er ikkje noko tydeleg definert sentrum, men nokre områder er meir sentrale. Nokre er geografisk sentrale, andre sosialt sentrale.

#### 1: Ved Aaland og Mauseidvåg bil og båt:

- + Fin utsikt over vatnet
- + Visast frå der ein køyrer forbi
- Trafikkert, vanskeleg å krysse vegen

#### 2: Gamle sentrum:

- + Historisk sentrum
- Trafikkert
- Ikkje sentrumsfunksjonar i dag

#### 3: Ved gamle Lundal-fabrikken:

- + Fin, stor, gamal, eksisterande fabrikkbygning. Plass til mykje
- + I tilknytning, mot Eikrem
- ? Utanfor der folk køyrer forbi

#### 4: Ved Sula Rutelag:

- + Stor eksisterande bygning
- Fungerande busstasjon
- Utanfor der folk køyrer forbi

#### 5: Ved skulen:

- + Kanskje det som kanskje liknar mest eit sentrum i dag sidan det er folk her. Leikeplass.
- Utkant?

Eg er einig i at Mauseidvågen var ei flott bygd. Går gjennom bygda 5-10 gongar i året. Undrar meg ofte på om det er planlagt det som no skjer, og i tilfelle av kven. Styggaste bygget på Sula står mitt i bygda, og øydelegg mykje.

Liker · Svar · 2 d



Der er so mykje bygg å velge i, so eg må nesten få lov å spørre: Kvar er midt i bygda?

Liker · Svar · 1 d

Aaland eller kanskje Mittet no. Det er det eg som langevågar har trudd var midt i bygda. Er det feil, så skal eg rette dette til ein annan gong.

Liker · Svar · 1 d



Hehe... her er so mange upassende bygg... 😊



Sentrum ifølge Wikipedia




Sentrum ifølge Facebook-brukar

Kjelde: Facebook-sida Gamle Sula bilder

MØTEPLASSAR




AVSTANDAR





TURSTIAR



## LOKALBEFOLKNINGA

### Eg bur her fordi..

- eg er oppvokst her

- det er fin beliggenhet

- det er ein flott plass med fin utsikt

- det var billegare hustomt enn i Ålesund

### Det eg liker best med Mauseidvågen er..

- friluftsliv, nær natur og turmoglegheiter

- at det er ein roleg plass der ein blir kjent med kvarandre

- at bygda ikkje er så stor. Veit stort sett kven alle innbyggjarane er

- at det er eit trygt miljø for barna

- godt samhold og koseleg bygd

- at det ligg nær arbeidsplass i Ålesund, handel og kulturtilbod

- at det er stille mesteparten av tida, men likevel nært nok alt ein treng

- at det er nært til skule og barnehage

### Det som kjenneteiknar Mauseidvågen er..

- trafikkryss

- ingen identitet

- vakker natur

- fjellet

- vågen

- midt i mellom

- "fabrikken"

- rolege bustadområder

- Mausavatnet

- Taustua

- bilverkstadar

- kjekke folk og gode aktivitetar

- rot og industri

- usikker..

- småbåthamna

### Det eg ville vist fram til besøkande er..

- naturen, lite anna å vise fram

- turstien langs Mausavatnet

- turstien til Taustua

- fjellet, utsikta

- bedehuset

- badeplassen

- gamleskulen

- leikeplassen med barnehagen

## Om 30 år trur eg Mauseidvågen..

- har fleire byggefelt med mange hus og butikk
- har same fine naturen
- er ganske likt no
- har blitt litt større enn no
- er eit knutepunkt på Sula
- har mykje betre kollektivtilbod
- er ein forstad til Ålesund med innslag av bygdeidentitet

## Om 30 år håper eg Mauseidvågen..

- har eit "sentrum" med matbutikk og tilbod for barn og unge
- har butikkar
- har fleire gapahukar med bål plass for kortreiste ekspedisjonar
- har fokus på arkitektur og uformelle møteplassar
- ivaretar noko grønt innimellom
- har fått ein dagleg plass å møtast
- er eit flott friluftsområde
- er ei levande bygd

## Det som kunne ha vore betre..

- sjølve vågen
- mindre stygge bygningar
- matbutikk
- trafikkrysset
- mindre rot
- nokre butikkar
- betre sentrum
- det kunne ha vore noko meir enn ein stad du køyrer forbi
- meir sentralt

# VEGNETTET - historisk utvikling

1947



I dag



1968





## TYPOLOGI - historisk utvikling

### EMPIREHUS

- Enkel husform
- Tilnærma symmetrisk fasade med inngang midt på langveggen
- Tofagsvindaue med tre ruter i kvar



### GJENREISINGSHUS

- 1 ½ - 2 etasjer
- Slak takvinkel og valmtak over tilnærma kvadratisk grunnform
- Enkle detaljar



### JUGENDHUS

- Asymmetrisk hovudform med ark på ei side
- Bratte takflater og spisse gavlvinklar
- Bogne, ovale former former i glaskarmar og rammer



### TYPEHUS

- 1 etasje + sokkeletasje
- Saltak eller valmtak (eller flatt)
- Heile flater i vindauga, utan sprosser
- Ståande panel
- Store utbyggingar i felt, men òg enkelttomter
- Større grad av omforming av tomt på grunn av standardiserte byggeelement





Oversikt





## Eldre næring



## Nyare næring





Eldre bustadar



Nyare bustadar





Fjøs




Naust






# JORDBRUKSVERDI



- Stor verdi
- Middels verdi
- Noko verdi

Kjelde: NIBIO<sup>12</sup>

# HELNINGSKART



- Større enn 1:3
- Mellom 1:3 og 1:5

Kjelde: NIBIO<sup>12</sup>

R  
E  
F  
E  
R  
A  
N  
S  
A  
R

## REFERANSELISTE

1. Butenschøn, Peter. "forstad," *Store norske leksikon*. 20.02.2018. <https://snl.no/forstad>
2. Solerød, Hans. "bygd," *Store norske leksikon*. 18.02.2019. <https://snl.no/bygd>
3. Thorsnæs, Geir. "tettsted," *Store norske leksikon*. 05.12.2018. <https://snl.no/tettsted>
4. Wikipedia, "Bygdeby" 15.05.2013. <https://nn.wikipedia.org/wiki/Bygdeby>
5. Fosshagen, Kjetil. "landsby," 10.10.2018. <https://snl.no/landsby>
6. Hansen, Tore. "distrikt," 10.05.2019. <https://snl.no/distrikt>
7. Statistisk sentralbyrå. "Kommunefakta - Sula". 2020. <https://www.ssb.no/kommunefakta/sula>
8. SunCalc. 15.02.2020 <https://www.suncalc.org/#/62.4208,6.2723,14/2020.03.21/15:00/1/3>
9. Dybvik, Jon. *frå steinøks til data*. Ålesund: Sunnmørstrykk, 1986.
10. FINN kart. 19.01.2020. <https://kart.finn.no/>
11. Sula kommune. "Arealplankart." 17.01.2020. [https://www.sula.kommune.no/\\_f/p1/iaf2869f8-dd83-4567-a555-1c0f8c3936f2/arealplankart.pdf](https://www.sula.kommune.no/_f/p1/iaf2869f8-dd83-4567-a555-1c0f8c3936f2/arealplankart.pdf)
12. Norsk institutt for bioøkonomi. "Kilden". 2020. <https://kilden.nibio.no>



